



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: J.p. 14/6470

Vår dato: 24.09.2014

Vår ref.: 2010/12872

Arkivnr.: 421.3

Bjerkreim kommune
Postboks 17
4389 Vikeså

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fylkesmannen sin uttale til kommuneplan for Bjerkreim 2014 - 2026 samfunnsdel og arealdel

Bjerkreim kommune har lagt ned mykje arbeid for å få oppdatert kommuneplanen frå 2006 i tråd med ny plan- og bygningslov. Kommuneplanen sin nye samfunnsdel har gode mål, men det vil bli utfordrande å knyte den til økonomiplanen. Ambisjonen om 4% vekst vil utfordre både kommunen sitt tenestetilbod og økonomiske handlefridom.

Fleire konfliktfylte arealdisponeringar frå 2013-utkastet er no løyste. Det står likevel att ein del utfordringar, til dømes å finne eigna lokalisering av næringsområde for handverksindustri nord i kommunen.

Vi syner til framlegg til kommuneplan for Bjerkreim 2014-2026 og utkast til heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse for Bjerkreim kommune; «*Sammen for et mere robust lokalsamfunn*», sendt oss med brev av 27.06.2014.

Vi har tidlegare uttalt oss til arealdelen i brev av 13.09.2013 og stadfestar at motsegner og faglege råd som går fram av det brevet står ved lag, med mindre kommunen har gjort endringar i tråd med vår uttale til første utkast til kommuneplan.

Fylkesmannen har hatt fleire møte med kommunen, mellom anna om utforming av samfunnsdelen og om føresegnene til arealdelen. Vi set pris på dialogen og oppfølginga kommunen har gjort. Dette har styrka planen som styringsdokument.

Samfunnsdelen i kommuneplanen

Bjerkreim er godt medvitne kommunen sin eigenart, tradisjon og kultur og kva som kjenneteiknar dei gode kvalitetane i befolkninga og kommunen. Det er viktig å sikre dette, og samstundes tilpasse seg nye behov og ei meir mangfaldig befolkning. Sterkt lokalt engasjement, dugnadsånd, fokus på

eigen lokal identitet og eigenart og ei landbruksnæring av både lokal og nasjonal verdi, kjenneteiknar kommunen. Dette er godt omtalt i samfunnsdelen. Eit godt døme er kommunen si omtale av sauene og saueneinga som viktig næring og kulturberar.

Medverknad

Fylkesmannen forstår at samfunnsdelen av planen har blitt utforma med sterkt tidspress. Dette kan ha svekka høvet til medverknad frå innbyggjarane i kommunen, særleg frå grupper som vanlegvis ikkje deltar sterkt inn i lokaldemokratiet. Vi kunne ynskje at kommunen skildra kva høve innbyggjarane har fått til medverknad til planen. Dette gjeld særleg for barn og unge.

Framskriven vekst i folketal

Kommunen spør i kapittel 5.2.2 Befolkningsvekst «*Fri vekst eller kontrollert vekst?*»

Spørsmålet er godt eigna til bevisstgjerjing og diskusjon. Svaret ligg i dagen – kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy for utviklinga av og i kommunen. Skal planen bli et reelt styringsdokument, må innhaldet i planen ha ein faktisk styringsambisjon. Dokumentet må syne fram langsiktige og tydelege val.

Vi har i arbeidsmøta understreka at det er viktig for kommuneplanen sitt truverd og kommunen si økonomistyring at samfunnsdelen er tett knytt til kommunen sin økonomiplan gjennom ein konkret og realistisk handlingsdel. Vi fryktar at tiltaka i handlingsdelen ikkje er konkrete nok til å kunne knytast direkte til postar i økonomiplanen. Dette gjeld særleg tema knytt til folkehelse, oppvekst og kultur. Vi ynskjer derfor vidare dialog med kommunen for å forsterke denne koplinga ved årleg rullering av handlingsdelen. Vi vonar og at tett samheng mellom kommuneplan og økonomiplan vil medføre at kommunen ser vekstmålet på 4% i eit anna lys.

Oppvekst, kultur, skule og barnehage

Bjerkreim kommune ynskjer sterkt folkevekst, og veit at dette er krevjande for barnehage- og skuletilbodet. Planen har ein god gjennomgang av kapasiteten ved skular og barnehagar . På skuleområdet er det lista opp gode mål innan heim-skulesamarbeid, psykososialt miljø, klasseleiing og elevvurdering. Desse måla finn ein delvis att i kommuneplanen sin handlingsdel for 2014-2018. Fylkesmannen meiner likevel at strategiane og tiltaka som er nemnt for å nå måla er for vage.

Handlingsplanen viser at kommunen i denne perioden har fokus på barnehageplassar, personalet og born med særskilde behov. Det er svært positivt at kommunen satsar på kompetanseoppbygging og vidareutdanning for personalet i barnehagane. Vi saknar likevel tydeleg samsvar mellom samfunnsdelen og mål og tiltak i handlingsplanen.

Folkehelse-helse i alt vi gjer

Overordna mål for folkehelsearbeidet i kommunen er gode og har konkrete formuleringar. Desse dannar eit godt grunnlag for å formulere delmål og tiltak. Dette er i varierende grad fylgt opp i dei ulike satsingsområda i planen. Målformuleringane i kapittel 7 har ikkje samsvar med overordna mål i kapittel 4. Det er også svakt samsvar på områda kultur/oppvekst og LMT.

I folkehelselova § 5 har kommunen fått ansvar for å ha oppdatert oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og kva som påverkar tilstanden. Dette skal gje grunnlag for prioriteringar og avgjerder i kommuneplanlegginga og anna folkehelsearbeid. Me rår kommunen til å skrive om korleis folkehelseoversikta skal haldast oppdatert og vidareutviklast og å arbeide vidare med å gjere folkehelseperspektivet tydeleg innan alle tema i plandokumentet.

Fylkesmannen vil til pkt 11.1.3 understreke at barnevernslova er klar på at kommunen skal **sikre** at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling får hjelp og omsorg til rett tid. Kommunen skal også **bidra** til trygge oppvekstvilkår. Skilnaden på formuleringane kan synast liten, men vil vere viktig for kommunen sine prioriteringar, mellom anna for feltet akutt barnevern.

Målformuleringane frå kapittel 4 om gode oppvekstvilkår vert etter vårt syn ikkje konkretisert vidare i kommuneplanen. Oppveksttilhøva i kommunen vert ikkje mykje omtalt eller problematisert utover at talet på barnevernssaker aukar. Kommunen slår fast at det også er negativ utvikling på psykiatri, rus og samansette diagnosar. Utfordringane vert ikkje drøfta under feltet oppvekst.

Vi veit frå folkehelseplanen at kommunen har planlagt/sett i verk fleire gode tiltak for å hindre mobbing i skulane. Dette kan med fordel takast med i kommuneplan og handlingsprogram. Vi trur kommunen kunne fått ein større heilskap i planen ved å også ta inn verkemiddel knytt til kultursektoren. Dette er nemnt både i kommuneplan for 2006, i planprogram for ny kommuneplan og i plan for folkehelsearbeidet for Bjerkreim.

Aktivt førebyggjande arbeid i barnehagane bør løftast fram. I folkehelseplanen vert det nemnt at skulane har samarbeid med Læringsmiljøsentret ved UiS. Senteret har tilrettelagde opplegg for tidleg innsats, slik at personalet kan lære metodar for å auke sosial kompetanse og hindre mobbing alt på barnehage trinnet.

Tidlege tiltak og lågterskeltilbod for psykisk sjuke har fått lite merksemd i kommuneplanen og kan etter kva vi forstår komme svakt ut budsjettmessig. Folkehelseplanen beskriv desse utfordringane godt. Oppfølging av folkehelseplanen inkludert bustad-sosiale behov, må bli tydelegare i samfunnsdel, handlingplan og vidare i økonomiplanarbeidet. Regional folkehelseplan 2013-2027 kan vere nyttig som inspirasjon og retning i dette arbeidet.

Miljø

Fylkesmannen merkar seg at naturmangfald har fått lite merksemd både i samfunns- og arealdelen. Naturen og landskapet er noko av det som gjer Bjerkreim kommune til ein attraktiv stad å bu i. Naturen har også ein eigenverdi som skal takast omsyn til i forvaltning av areal. KU til kommuneplanen omtalar både natur- og kulturmiljø i vurdering av dei innkomne framlegga, men krav til sakshandsaming som går fram av naturmangfaldlova sitt kapittel II er likevel ikkje dekkja. I dei tilfella kommunen ynskjer å gå vidare med nye utbyggingsområde, ynskjer vi ei reell vurdering i tråd med forskrifta sitt kapittel II. Vi vil elles oppmode til bruk av nettstaden Miljøkommune.no, her finn de mellom anna eit nettbasert kurs om bruk av naturmangfaldlova.

Samfunnstryggleik

Me ser at Bjerkreim har levert eit grundig utkast til heilskapleg ROS. Me vil understreke at heilskapleg ROS ikkje fritar kommunen for ROS til kommuneplan. Denne skal vere ein skriftleg risiko- og sårbarheitsanalyse over alle føreslåtte tiltak, og bør vere meir enn ei enkel avkryssing i

KU-skjema. Me har **fagleg råd** om at kommunen legg meir arbeid i ROS på kommuneplannivå, for å unngå meirarbeid på reguleringsnivå.

Det er positivt at kommunen tar opp samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsdelen. Kommunen vil unngå å bygge i flaumsona og har eit generelt mål om å ivareta tryggleik og beredskap. Når det gjeld miljø og klima, inneber dette meir enn fornybar energi, klimatilpassing og bør også inn. Med tanke på at kommunen per i dag ikkje har ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, slik den er forplikta til, er samfunnstryggleik og beredskap desto viktigare å understreke i samfunnsdeldelen. I delen med fakta om Bjerkreim kan ein gjerne ta inn eit avsnitt om samfunnstryggleik, ei oppsummering av funn frå heilskapleg ROS om dei viktigaste risikofaktorane i kommunen. Det er positivt at kapittel 14 Beredskap er med i samfunnsdelen, spesielt med tanke på manglande heilskapleg ROS og svakt fokus i kommunen (jamfør kapittel 14).

Under punkt 11.10.2 LMT –utfordringar, står det at voldsomt vèr oftare skaper problem. Me saknar tiltak/oppfølging for dette, til dømes lokal fordrøying av regnvatn, opne flaumvegar, avrenningskartlegging og andre tiltak som kan førebygge denne typen problem. Føresegner i kommuneplan for overvasshandtering kan lette arealplanlegginga på sikt, i tillegg til å lette arbeidet med flaum i tettstader når det skjer. Det er positivt at klima er nemd relatert til matproduksjon i kapittel 11.11.2 utfordringar i landbruket. Her saknar me oppfølgingspunkt.

Kommuneplanens arealdel

Samfunnstryggleik

Etter at me sende vår uttale 13.09.2013 har det kome nye aktsemdskart for skred. Me legg til grunn at desse blir innarbeidd i omsynssone skred saman med snøskred og steinsprang, så sona blir noko utvida. Dette får etter kva me kan sjå berre direkte konsekvens i område F8 Øygard.

Føresegner:

§ 2.2 : Tryggleik mot flaum. Her saknar me tydelegare formulering på utgreiingskrav for reguleringsplan, og ei forklaring på kva som gjeld i dei områda NVE enno ikkje har kartlagt med flaumsoner. Me føreslår å leggje inn NVE sine retningslinjer (nr 2-2011) i føresegnene; om å ha ei tryggleikssone 20 meter frå bekker og 50-100 meter frå elvar. Dette må utgreiast nærmare før bygging, jamfør NVE rettleiar 2-2011: «*Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50–100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensiell flaumfare. Med bekkar meinast her vassløp med oppstraums nedslagsfelt mindre enn om lag 20 km². På flate elve- og bekkesletter vil flaumen ha større utstrekning. For slike sletter bør område som ligg lågare enn den estimerte, maksimale vassstigingast merkast som aktsemdsområde*». Fylkesmannen har **motsegn** til manglande omsyn til flaumfare i område som ikkje er dekkja av flaumsonekart. Grunngeving er også gitt i brev 13.09.2013. Som NVE nemner i sin uttale, manglar det også konkrete føresegner om kva tiltak som kan tillatast i område med flaumfare (§ 8.2).

Me saknar også føresegner som gjeld overvatn og store nedbørsmengder. Kommunen seier i utkast til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse at dette allereie er eit problem som vil auke med klimaendringane. Me gir **fagleg råd** om å få inn føresegner som tar omsyn til overvatn og fare for flaum i tettstader.

§ 8.1: Føresegnene om skred høyrer tett saman med dei om flaum og kan grupperast etter kvarandre i delen som gjeld heile planområdet. Dei er to sider av same sak. I tillegg til jord- og flaumskredtema saknar me tydelegare føresegner. Me vil minne om at kommunen skal følgje Tek 10. Det gir

lite meining i å formulere føresegner med anna innhald enn Tek 10 § 7.3 : «Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område» og «For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides». I heilskapleg ROS seier kommunen at eit tiltak som kan minske skredfaren, er å krevje fagkyndig utgreiing i nye utbyggingsområde der det kan vere rasfare før ein gir byggeløyve. Me gjer **fagleg råd** om at dette går inn i føresegnene.

Vi ser fram til vidare samarbeid med kommunen og NVE om å finne gode løysingar i planen for område med flaum- og skredfare.

Tettstadutvikling og nye bustadområde

Fylkesmannen vil gratulere kommunen med godt arbeid i kommunedelplan for Vikeså og støttar kommunen sitt fokus på at god sentrumsutvikling er ein vinn-vinn strategi for heile kommunen. Skil Bjerkreim vere ein attraktiv stad for nye generasjonar, er eit godt tenestetilbod, handel og kultur avgjerande. Det føreset god sentrumsutvikling. Slik vil ein også samtidig sikre arealressursane i kommunen mot fragmentert utbygging og omdisponering av viktige natur- og jordbruksareal.

Når det gjeld Bjerkreim sentrum er det viktig at kommunen har ein ambisjon om kompakt tettstadstruktur, og at dei viktige jordbruksareala kring sentrum blir varig sikra. For å gi landbruket i område føreseilege vilkår, bør kommunen vurdere langsiktige grense landbruk i dette området.

Fylkesmannen etterlyser konkret omtale av omfanget av årleg bustadbygging i kommunen. Slik planen er utforma nå, må dette leitast fram frå bustadbyggeprogrammet.

Fylkesmannen ser svært positivt på at kommunen har fylgt rådet om å gjere rekkefølge for utbygging i bustadbyggeprogrammet til ein juridisk bindande del av kommuneplanen. Dette vil lette kommunen sit arbeid med styring av utbyggingsmønsteret og gje kommunen betre kontroll over framtidige investeringar i skule, barnehage og infrastruktur.

Fylkesmannen har etter kommunen si omarbeiding av arealdelen framleis **motsegn** til tre bustadområde (B19 Røysland, B26 Kleivane og B27 Bjerkreim). Grunngeving er gitt i vårt brev av 13.09.2013. Vi meiner kommunen si justering av avgrensing i område B19 ikkje er tilstrekkelig for å ivareta dei omsyna som ligg til grunn for motsegna.

For områda B23 Nedrebø og B24 Ivesdal er det no lagt inn buffersone mot vassdrag. Dersom fleire justeringar er naudsynt, kan desse gjerast gjennom byggegrense i reguleringsplan. Vi trekker derfor våre motsegner til desse to bustadområda.

Fritidsbusetnad

Fylkesmannen ser positivt på at kommunen fylgjer opp strategien med å konsentrere fritidsbusetnad til Stavtjørnområdet.

Vi har framleis **motsegn** til eit hytteområde, F8 Øygard. Grunngeving er gitt i vårt brev av 13.09.2013.

Vi har, av omsyn til snøskredfare og spelområde for orrflugh, **fagleg råd** om å ta ut eller avgrense arealet på Tjørn F18 ytterlegare, men er også opne for at desse utfordringane kan løysast på reguleringsnivå gjennom konkrete vurderingar av rasfare og prioriteringar i tråd med naturmangfaldlova kapittel II. Fylkesmannen minner om at kommunen har vurdert behovet for nye hyttetomter på Tjørn som lite, og at F18 er i strid med kriterier kommunen sjølv har sett for planarbeidet.

Næring

Av samfunnsdelen ser vi at Bjerkreim kommune har ein sterk felles identitet som er rota i primærnæringane. Kommunen har gode målsettingar på jordvern. Utfordringa blir å følge dette opp i praksis i konkrete saker og i endeleg arealdel. Kommunen har ein god omtale av skog som viktig næring i kommunen.

Fylkesmannen er svært nøgd med at kommunen har fylgt rådet frå Fylkesmannen og NVE om å merke områda som har fått konsesjon til vindkraftanlegg etter energilova som omsynssone «areal bandlagt etter anna lovverk». Dette vil gje kommunen betre styring med områda som ressurs for landbruket. Vi legg til grunn av avgrensinga av vindkraftområda no er justert i tråd med endeleg vedtak frå OED.

Fylkesmannen har i tråd med vår første uttale **motsegn** mot område for råstoffuttak (R10 Haua gard).

Fylkesmannen må på grunn av manglande juridisk verknad for område R2 Berse fremje **motsegn** for både område R2 og R8 Berse. Fylkesmannen inviterer kommunen til dialog for å avklare kva areal som kan settast av til masseuttak ved Berse, og kva utgreiingskrav som må oppfyllest. Dette må avklarast før kravet om driftskonsesjon gjer seg gjeldande frå 2015.

Fylkesmannen er nøgd med at kommunen no har god samanheng mellom samfunnsdel og arealdel når det gjeld behov for næringsareal. Vi er likevel usamde om kva konkrete næringsområde som bør inngå i arealdelen. Det er naudsynt med vidare dialog for å få løyst dette.

Fylkesmannen har framleis **motsegn** til deler av næringsområde N12 Sagland. Grunngeving er gitt i vårt brev av 13.09.2013. Temaet vart også teke opp i møte mellom fylkesmannen og ordførarane i Bjerkreim og Eigersund på Statens hus 27.03.2014. Vi oppfatta då at Bjerkreim kommune var villige til å justere avgrensinga av næringsområdet slik at motsegna kunne løysast. Vi ser fram til vidare samarbeid med kommunen, Statens Vegvesen og Rogaland fylkeskommune slik at arealet kan leggjast inn i kommuneplanen med juridisk verknad.

Nytt område N14 Buebakken ligg om lag 9 km frå kommunesenteret Vikeså. Området er eit samanhengande LNF-område og viktig landbruksområde. Føreslåtte næringsområde grensar til, og ligg landskapsmessig eksponert, ved Røyslandsvatnet. Føreslåtte omdisponering har inga forankring til eksisterande tettstad/grendestruktur. Etablering av næringsområde her er i strid med viktige regionale og nasjonale mål om redusert transportarbeid og reduserte klimautslepp. Føreslått omdisponering vil gi eit utflytande utbyggingsmønster og gir uklare grenser mellom byggeområde og LNF-område.

Forslaget vil omdisponere om lag 18 dekar dyrka jord og 40 dekar innmarksbeite. Eventuell seinare utviding av eit slikt nytt næringsområde vil måtte skje austover på dyrka jord. Forslaget er i strid med nasjonale og regionalt viktige jordverninteresser.

Næringsområdet kan neppe terrengetilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med landskapsverdiane i området, som er vurdert til å ha regional/nasjonal verdi. Mellom anna skal ein kolle ved vatnet fjernast. Det vil neppe vere mogeleg å få til ei stor nok kantsone til at vassdragsverdiane kan tas vare på. Næringsområdet har avgrensa areal, og kan vanskeleg utvidast utan kostnad for vassdrag og landbruksjord.

Fylkesmannen har **motsegn** til føreslåtte omdisponering av offentlege føremål og LNF til næring på N14 Buebakken. Området omfattar mellom anna areal som på det første kartet var merka B25, og som vi også hadde motsegn til i brev av 13.09.2013. Området B25 er per i dag sett av til offentlege føremål. Vi tilrår at arealet vert sett av til LNF-føremål i ny kommuneplan.

Vassdrag

Fylkesmannen held fast på **motsegn** til at kommunen søker å avgrensa verkeområdet for rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag til eit 30-metersbelte langs hovudstrengen av Bjerkreimsvassdraget. Vi syner elles til NVE sin uttale.

Kommunen har endra ei lovstridig føresegn (6.2.2) som la føringar for dispensasjon utover det som går fram av plan og bygningslova § 19-1. Fylkesmannen vil likevel igjen understreke at føresegner må utformast i tråd med særlovene. Det er naudsynt med ein vidare dialog mellom Fylkesmannen, NVE og kommunen for å avklare kommuneplanføresegnene si grenseflate mot vassressurslova og forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Oppsummering

Fylkesmannen hadde ei rekke motsegner til konkrete arealdisponeringar i brev av 13.09.2013. For fleire av bustadområda og område for fritidsbusetnad er motsegnene løyste.

Det har komme til nye motsegner for område for råstoffuttak, i og med at det vert stadig klarare at området ved Bersevatn neppe er juridisk bindande i eksisterande kommuneplan, og så langt vi kan sjå heller ikkje har ferdigstilt reguleringsplan. Fylkesmannen meiner dette tilhøvet må bringast i orden før ein kan vurdere eventuell utviding av massetaket. Vi står fast på vår motsegn til R10 ved Haua gard.

To næringsområde er no ute av planen, dette gjeld N11 Buefjell og N13 Runatjørna. Det har komme til eit nytt område ved Røyslandsvatnet, N14 Buebakken. Fylkesmannen har motsegn til området. Det står også att å få ei god avgrensing av N12 Sagland på grensa til Eigersund kommune.

Det har vore utfordrande for oss å arbeide med to versjonar av arealdelen, og vi ber derfor om at kommunen raskt tek kontakt dersom noko i vår uttale er uklart eller treng nærare oppklaring. Mellom anna har vi for å gjere brevet meir lesarvennleg, valt å ikkje gjenta vår oppstilling av faglege råd i brevet av 13.09.2013. Mange av råda er framleis relevante, sjølv om ein del av problemstillingane no er løyste på ein god måte.

Vi ser at arbeidet kommunen har lagt ned gjennom vinteren og våren har gitt resultat, og ser fram til å fortsette samarbeidet for å få kommuneplan for Bjerkreim i hamn.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsljef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Tone Ankarstrand
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 03
E-post: fmrotot@fylkesmannen.no

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest

Rogaland fylkeskommune

Avinor AS

Norges vassdrags- og energidirektorat

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Askedalen 4

Postboks 130

Postboks 150

Postboks 5091 Majorstuen

Postboks 3021 Lade

6863

4001

2061

0301

7441

Leikanger

Stavanger

GARDERMOEN

Oslo

TRONDHEIM